

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 31.01.2022  
**SAKSHANDSAMAR:** Synnøve Teigeland og Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** **Konsernbudsjett 2022, investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett og justering av inntektsramma til helseføretaka**

**ARKIVSAK:** 2022/162  
**STYRESAK:** 011/22

**STYREMØTE:** 15.02.2022

### FORSLAG TIL VEDTAK

- Inntektsramme for 2022 som blei vedtatt under sak 111/21 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):

Endringar i inntektsramma for 2022 vs. styrsak 111/21 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2021 - sak 111/21 B	7 579 154	3 760 714	11 743 929	2 945 293	947 285	3 496 283	30 472 659
<b>Justeringar av inntektsramme frå staten:</b>							
Endring KBF	-2	-1	-3				-6
Forskning og nasjonale kompetansesentre						-25	-25
Vaksining i sjukehus	1 510	748	2 356	586		0	5 200
Utdanningsstillingar for spesialistjukepleiarar						7 400	7 400
<b>Endring øremerka tilskot</b>							
Tilskot til protonsentor			95 000				95 000
Tannhelseteneste i sjukehus						5 100	5 100
Behandling av seksuelle atferdsproblemar blant barn og unge	570	287	719	172		200	1 948
Behandlingstilbod for personar dømde for seksuallovbrot	3 000		3 093				6 093
Covid 19 kostnader	58 234	31 577	79 849	21 754		79 786	271 200
Covid 19 kostnader - storvolumtesting/analyse	0		0				0
Avansert heimesjukehus - oppdatert fordeling blir gjort seinare		-1 100	-3 200			4 300	0
<b>Endringar i inntektsfordelinga</b>							
Overslagsløyving ISF (reversering av ekstraordinær aktivitetsvekst 0,8% i 2021)	-17 598	-8 208	-28 879	-5 539	-3 170		-63 394
Overført avtalehjemlar frå privatpraktiserande spesialistar	736			1 130		-1 866	0
Barn og unge med medfødt hjerneskade - opptrapping 2022	600	340	840	220		-2 000	0
Nasjonale kompetansetenester - manglande prisjust	426	25	2 020			-2 472	0
Kjøyreskule i Helse Vest - korrigerert fra sak 111/21	515	15	1 095	15		-1 640	0
Koordineringseining PH			308			-308	0
InterRegSIM	3 500					-3 500	0
ISF psykisk helsevern og TSB	2 005	962	2 492	541		-6 000	0
<b>Sum endringar</b>	<b>53 496</b>	<b>24 646</b>	<b>155 690</b>	<b>18 879</b>	<b>-3 170</b>	<b>78 975</b>	<b>328 516</b>
Oppdatert inntektsfordeling 2022	7 632 650	3 785 360	11 899 619	2 964 172	944 115	3 575 258	30 801 175

- Justert inntektsramme fordelt per helseføretak:

INNETKTSFORDELING 2022	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 337 317	1 068 752	3 633 875	723 967	400 190	-	8 164 101
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 866 805	2 506 223	6 914 763	2 091 157			16 378 946
Kvalitetsbasert finansiering	33 379	16 226	55 018	12 671			117 294
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	319 649	162 295	1 057 231	113 131	543 925	3 575 259	5 771 490
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	75 501	31 864	238 733	23 246	0		369 344
SUM, inntekt 2022 fordelt frå RHF	7 632 650	3 785 360	11 899 619	2 964 172	944 115	3 575 259	30 801 176

3. Resultatkravet for 2022 blir fastsett som følgjer:

Endeleg Inntektsramme	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukerhus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2022	226 000	-20 000	100 000	30 000	8 000	1 000	150 000	495 000

4. Investeringsbudsjettet for 2022 blir fastsett som følgjer:

#### Samandrag investeringar (Budsjett 2022)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HVIKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	2 722 072	445 491	1 240 000	278 300		30 000		4 715 863
Medisinteknisk utstyr	256 702	30 000	234 000	40 000				560 702
IKT						568 275		568 275
Anna	99 412	10 000	137 000	13 600	27 500			287 512
Sum investeringar 2022	3 078 186	485 491	1 611 000	331 900	27 500	598 275	0	6 132 352

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2021 er endeleg klarlagt. Dette må i så fall skje innanfor gjeldande investeringsregime og bli behandla av styret i dei respektive føretaka. Framdrifta på investeringane må styrast i tråd med tilgjengeleg likviditet i helseføretaka.

- Administrerande direktør kan foreta nødvendige mindre omdisponeringar av budsjettpostane innanfor den totale budsjettamma.
- Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.
- Helse Stavanger blir tildelt eit internt lån på 605 mill. i 2022 kroneverdi til finansiering av Nye SUS, byggetrinn 1.
- Helse Bergen blir tildelt eit internt lån på 200 mill. i 2022 kroneverdi til finansiering av kjøp og rehabilitering av Håkonsgaten 1.
- Helse Bergen blir tildelt eit internt lån på 255 mill. i 2022 kroneverdi til finansiering av Parkhjørnet med ny vaske- og sterilfunksjon.

## Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 9. desember 2021 sak 111/21 B Inntektsfordeling og resultatkrav 2022. Det er saka frå desembermøtet som gir ein utfyllande utgreiing av dei ulike budsjettpostane som ligg til grunn for inntektsramme og resultatkrav 2022.

Denne saka tar opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå HOD som ikkje var innarbeidd i saka om inntektsfordeling 2022 samt Tilleggsproposisjon 51 S (2021-2022). I tillegg er det nokre postar som ikkje var fanga opp i sak 111/21 B som no er innarbeidd i oppdatert inntektsramme for 2022 til helseføretaka.

Det må takast atterhald for godkjenning av føreslåtte tildelingar som er gitt i Tilleggsproposisjon 51 S (2021-2022).

Denne saka omhandlar og konsernbudsjett, investeringsbudsjett med finansieringsgrunnlag og likviditetsbudsjett for 2022.

I styresak 111/21 B vart det fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2022:

### Inntektsramme:

INNETKTSFORDELING 2022	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 354 915	1 076 960	3 662 753	729 506	403 360	-	8 227 495
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 866 805	2 506 223	6 914 763	2 091 157			16 378 946
Kvalitetsbasert finansiering	33 381	16 227	55 021	12 671			117 300
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	310 357	160 204	1 048 120	110 639	543 925	3 496 283	5 669 528
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	13 697	1 100	63 272	1 320	0		79 389
SUM, inntekt 2022 fordelt frå RHF	7 579 154	3 760 714	11 743 929	2 945 293	947 285	3 496 283	30 472 659

### Resultatkrav:

Endeleg Inntektsramme	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2022	226 000	-20 000	150 000	24 000	8 000	1 000	150 000	539 000

Helseføretaka har med basis i sak 111/21 B behandla og vedtatt sine budsjett for 2022 i dei respektive styra.

Helse Bergen har i styremøte den 20.12.21 under sak 102/21 føreslått å sette ned resultatkravet frå 150 til 100 mill. kroner for 2022. Føretaket vurderer budsjetttramma for 2022 som særleg stram, og det er fleire områder ein vurderer at det er naudsynt å styrke. Dette gjeld mellom anna styrking av psykisk helsevern, nye kostnadskevjangende medikament og behandlingmetodar, styrking av operativ kapasitet samt styrking av delar av somatisk

verksemd. Administrerende direktør er einig i denne vurderinga og tilrår at resultatkravet for 2022 blir sett til 100 mill. kroner.

Helse Førde har i styremøte den 17.12.21 under sak 082/21 vedteke å auke resultatkravet med 6 mill. kroner til 30 mill. kroner for 2022 for å styrke likviditet og finansieringsgrunnlag til investeringar. Administrerende direktør gir sin tilslutning til at resultatkravet for 2022 blir sett til 30 mill. kroner.

Justert resultatkrav for 2022 blir med basis i dei endringane som er omtala føreslått som følgjer:

Endeleg Inntektsramme	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2022	226 000	-20 000	100 000	30 000	8 000	1 000	150 000	495 000

Oppdatering av inntektene frå staten samt forslag til endringar i inntektsramma til helseføretaka er nærmare omtalt nedanfor i denne saka.

Oppdatert inntektsramme til helseføretaka blir føreslått som følgjande:

INNETKTSFORDELING 2022	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 337 317	1 068 752	3 633 875	723 967	400 190	-	8 164 101
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 866 805	2 506 223	6 914 763	2 091 157			16 378 946
Kvalitetsbasert finansiering	33 379	16 226	55 018	12 671			117 294
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	319 649	162 295	1 057 231	113 131	543 925	3 575 259	5 771 490
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	75 501	31 864	238 733	23 246	0		369 344
SUM, inntekt 2022 fordelt frå RHF	7 632 650	3 785 360	11 899 619	2 964 172	944 115	3 575 259	30 801 176

Oppdatert oversikt over detaljer relatert til inntektsramme 2022 og kjøp av helsetenester for 2022 ligg som vedlegg til denne saka.

## Fakta

### 1. Inntektsramme frå staten

#### 1.1. Oversikt over inntekter frå staten (Oppdragsdokument 2022)

Inntektspostar som følgjer av Oppdragsdokumentet 2022 samt Tilleggsproposisjon 51 S, er no oppdatert og innarbeidd i inntektsramma i Helse Vest RHF. Tabellen nedanfor visar oppdatert inntekt frå staten:

(tal i heile tusen)	Kap. Post	Inntektsramme 2022 (St.prp. 1)	Inntektsramme 2022 Konsernbudsjett	Endring
Kvalitetsbasert finansiering	732. 71	117 300	117 294	-6
ISF-inntekt (overslagsbevilgning)	732. 76	8 366 259	8 302 866	-63 393
Basisramme (saldert budsjett 2020)	732. 73	21 764 800	21 777 400	12 600
Forskning og medisinske kompetansesenter	732. 78	168 400	168 375	-25
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar	732. 70	7 400	7 400	0
Landsdekkende modell for rettspsykiatri	732. 70	1 100	1 100	0
Medisinske undersøkingar på barnehusa	732. 70	6 700	6 700	0
Avansert hjemmesykepleie for barn i Stavanger	732. 70	6 600	6 600	0
Vidareutvikling av avansert hjemmesjukehus for barn i Helse Vest	732. 70	4 300	4 300	0
Medisinske kvalitetsregistre	701. 71	0	0	0
Bjørgvn fengsel	732. 70	5 200	5 200	0
Heroinassistert rehabilitering	732. 70	18 300	18 300	0
Kompensasjon beredskap Covid 19	732. 70	0	<b>271 200</b>	271 200
Bioteknologiloven	732. 70	6 300	6 300	0
Behandlingstilbod for personar dømde for seksuallovbrot			<b>6 093</b>	
Behandling av seksuelleatferdsproblemar blant barn og unge	765.21		<b>1 948</b>	
Tannhelseteneste i sjukehus	770.21		<b>5 100</b>	
Tilskot til protosenter - Investeringstilskot	732. 81	0	<b>95 000</b>	95 000
				0
<b>Sum, estimert inntekt frå staten</b>		<b>30 472 659</b>	<b>30 801 176</b>	<b>315 376</b>

ISF inntektene er ei overslagsløyving som er berekna med basis i bestilling/anslag på DRG poeng. Anslaget er berekna med utgangspunkt i bestilling 2021 justert for vekstføresetnaden som ligg til grunn for statsbudsjett 2022. I sak 111/21 Inntektsramme og resultatkrav 2022 som vart lagt fram i desembermøte, var det ved berekning av ISF inntekt ikkje tatt omsyn til at midlertidig vekst på DRG poeng i 2021 ikkje skulle vidareførast i 2022. Dette inneber at berekning av overslagsløyvinga på ISF blir lågare enn det som vart lagt fram i desembersaka. Helseføretaka bereknar sine ISF inntekt med basis i budsjetterte DRG poeng.

Den delen av poliklinisk verksemd som ikkje inngår i ISF-ordninga er ikkje med i inntektsfordelinga frå Helse Vest. Det er i oppdragsdokumentet lagt inn ei overslagsløyving på 756,3 mill. kroner for 2022.

Poliklinisk psykisk helsevern og rusbehandling inngår i ISF ordninga. Desse inntektene er ikkje innarbeidd i tabellen ovanfor. Overslagsløyvinga for desse inntektene utgjer i 2022 436,5 mill. kroner. Det vil bli lagt inn eit akonto forskotsbeløp knytt til forventa ISF inntekt for psykisk helsevern og rusbehandling i den månadlege utbetalinga til helseføretaka.

Det er som følgje av endringa i inntektene frå staten samt interne budsjettendringar, gjort oppdatering av inntektsfordelinga til helseføretaka i forhold til det som blei lagt fram i sak 111/21. Under følgjer kommentarar til endringane som er lagt inn i budsjettet. Ei samla oversikt over desse endringane er vist i tabellen under pkt. 1.5.

## **1.2. Endringar som følgje av oppdateringar i basisramma frå staten**

### **1.2.1. Utdanningsstillingar for spesialsjukepleiarar**

Pandemien har synleggjort behovet for spesialsjukepleiarar, særleg intensivsjukepleiarar. Det vil derfor vere viktig å auke innsatsen til utdanning av ABIOK-sjukepleiarar (anestesi-, barne-, operasjon og kreftsjukepleie) og jordmødrer for å gi eit godt grunnlag for å erverve tilleggskompetanse. Dette vil kunne bidra til større fleksibilitet i disponeringa av personell når det er behov for dette.

Det er allereie tildelt midlar for 2022 på totalt 25 mill. kroner. Helse Vest sin del av desse midlane er 4,775 mill. kroner. Det er no føreslått i tilleggsproposisjon til statsbudsjett 2022 å auke løyvinga med totalt 39 mill. kroner kor Helse Vest sin del er 7,4 mill. kroner. Samla auke i basisramme til dette føremålet er 12,175 mill. kroner.

Det vil vere behov for å gjere nærmare kartlegging i forhold til fordeling av talet på vidareutdanning av spesialsjukepleiarar i helseføretaka. Midlane blir derfor haldt tilbake i RHF-et og vil bli fordelt til helseføretaka når ein har fått tilstrekkeleg talgrunnlag til å gjere fordelinga.

### **1.2.2. Vaksinerings i sjukehus**

Det er i tilleggsproposisjon til statsbudsjettet føreslått å auke basisramma til dei regionale helseføretaka til vaksiner og vaksinasjon mot Covid-19. Basisramma til Helse Vest er som følgje av dette auka med 5,2 mill. kroner.

Midlane er fordelt vidare til helseføretaka basert på fordelinga av total inntektsramme. Dette er det same prinsipp som blei gjort i 2021. Fordelinga gjeld berre for budsjettåret 2022.

### **1.2.3. Mindre justeringar i inntektsramma frå staten**

I Oppdragsdokumentet er det gjort mindre endringar i nokon av tilskotspostane samanlikna med det som var lagt til grunn i sak 111/21 B. Dette er tekniske korrigeringar og er ikkje nærmare omtala her, men synleggjort i tabellen under pkt. 1.5. Dette gjeld kvalitetsbasert finansiering, forskning og medisinske kompetansesenter. Desse justeringane er innarbeidd i oppdatert inntektsfordeling 2022 til helseføretaka.

## **1.3. Endringar som følgje av øyremerka tilskot frå staten**

### **1.3.1. Behandlingstilbod til personar dømde for seksuallovbrot**

Som eit ledd i vidareføring av behandlingstilbodet til personar dømde for seksuallovbrot er det i Oppdragsdokument 2022 tildelt midlar på 6,093 mill. kroner til Helse Vest RHF.

Helse Vest har etablert to BASIS prosjekt, eit i Helse Bergen og eit i Helse Stavanger. Dette er i tråd med oppdrag frå HOD der Helse Vest blei bedt om å etablere behandlingstilbod for personar som er dømde for å ha utført seksuelle overgrep.

Det er gitt nasjonale føringar på at BASIS prosjekt blir tildelt minimum 3 mill. kroner. Helse Vest legger til grunn dette prinsippet ved fordeling av midlane og lar den overskytande delen av tilskotet frå HOD på 93 tusen kroner bli fordelt til Helse Bergen som har det største befolkningsgrunnlaget.

### **1.3.2. Behandling av seksuelle åtferdsproblem blant barn og unge**

For å understøtte det vidare arbeidet med etablering av regionale spisskompetansemiljø for barn og unge med skadeleg seksuell åtferd, er det i Oppdragsdokument 2022 tildelt midlar til Helse Vest RHF på 1,948 mill. kroner.

Desse midlane er føreslått fordelt til helseføretaka basert på inntektsmodellen sin psykiatrinøkkel. Det er i fordelinga av denne budsjettposten satt av 200 tusen kroner til Betanien sjukehus.

### **1.3.3. Tannhelsetenesta i sjukehus**

Frå 2022 blir tilskot til orale helsetenester i sjukehus etablert som eit ordinært øyremerka tilskot til deltakande sjukehus. Føremålet er å gje deltakande sjukehus større grad av føreseielege rammer med tanke på bemanning og fortsatt drift. Dette inneber at tidlegare forsøksordning for tannhelseteneste i sjukehus er avslutta. Helse Vest er i Oppdragsdokument for 2022 tildelt 5,1 mill. kroner. Midlane blir førebels haldt tilbake i Helse Vest RHF og fordelt til helseføretak så snart premissane for vidareføring av midla til ordinær drift er avklart.

### **1.3.4. Investeringsstilskot til protonsentar**

Helse Vest er i føretaksmøtet 10. januar 2022 tildelt 95 mill. kroner i investeringstilskot til protonsentar ved Haukeland universitetssjukehus. Tilskotet kjem i tillegg til lån til prosjektet. Midlane blir innarbeidd som øyremerka tilskot til Helse Bergen og skal handterast som eit investeringstilskot.

### **1.3.5. Kompensasjon for auka kostnader Covid-19**

I tilleggsproposisjon til statsbudsjettet for 2022 (Prop. 51 S 2021-2022) er det føreslått å auke løyvinga til dei regionale helseføretaka med 1,5 mrd. kroner for å dekkje auka pandemirelaterte utgifter første halvår 2022. Løyvinga er fordelt med 1,420 mrd. kroner som øyremerka tilskot og 80 mill. kroner til kompensasjon for meirverdiavgift. Av desse midlane er det føreslått 271,2 mill. kroner som øyremerka tilskot til Helse Vest RHF.

Det blir her føreslått å legge til grunn dei same prinsippa ved fordeling av det øyremerkete tilskotet som ein gjorde i 2021. Dette inneber at den delen av tilskotet som blir fordelt til eigne helseføretak blir fordelt etter inntektsmodellen.

Helse Stavanger og Helse Bergen må byggje opp test-/analysekapasitet, eller omprioritere allereie etablert test-/analysekapasitet for å handtere eit storvolum av Covid-19 testing. I tillegg er det og usikkerheit rundt korleis utviklinga i Covid-19 vil slå ut i dei enkelte

helseføretaka våren 2022. Det er derfor haldt tilbake 60 mill. kroner av det øyremerka tilskotet for å handtere storvolumtesting samt usikkerheit knytt til utviklinga i Covid-19. Helse Vest vil derfor komme attende til forslag til fordeling av desse midlane på eit seinare tidspunkt.

Det er og ein føresetnad at dei private ideelle skal handterast på same måte som eigne helseføretak. Det blir derfor og satt av midlar til å handtere kostnader relatert til Covid-19 for dei private ideelle etter dei same prinsippa som blei gjort i 2021.

Det blir med utgangspunkt i dette føreslått følgjande disponering av dei øyremerka midlane på 271,2 mill. kroner:

Helseforetak	Covid 19 Beredskap
Helse Stavanger	58 232
Helse Fonna	31 576
Helse Bergen	79 847
Helse Førde	21 754
Private Ideelle - ufordelt	19 790
Storvolumtesting samt usikkerheit	60 000
SUM	271 200

Fordeling av posten «Private Ideelle» blir føreslått fordelt med basis i etablert rapportering på konsekvens av Covid-19.

### 1.3.6. Avansert heimesjukehus

I sak 111/21 Inntektsramme og resultatkrav 2022, blei det fordelt øyremerka tilskot til avansert heimesjukehus til Helse Fonna og Helse Bergen med same beløp som i 2021. Det blir føreslått at ein ventar med å fordele midlane for 2022 til ein har fått rapportert status på bruken ved utgangen av 2021, og at ein med basis i dette gjer ei ny vurdering. I den samanhengen vil det og bli vurdert om Helse Førde, som fram til no ikkje har fått midlar til føremålet, skal ha tildelt delar av det øyremerkte tilskotet for 2022. Fordelte midlar i desembersaka blir derfor tilbakeført og ny fordeling blir gjort på eit seinare tidspunkt.

## 1.4. Endringar som følgje av interne fordelingar i inntektsramma og kjøp av helsetenester

### 1.4.1. Overslagsløyving ISF

ISF inntektene er ei overslagsløyving som er berekna med basis i bestilling/anslag på DRG poeng. I sak 111/21 Inntektsramme og resultatkrav 2022, var det ved berekning av overslagsløyving ISF inntekt lagt til grunn bestillinga frå 2021 justert for aktivitetsvekst. I bestillinga frå 2021 låg det inne ein ekstraordinær aktivitetsvekst på 0,8% for å ta igjen etterslep som følgje av Covid-19. Denne aktivitetsveksten er ikkje vidareført i 2022. Ved ein inkurie vart dette ikkje fanga opp i berekninga av overslagsløyvinga på ISF inntekt. Overslag



på DRG poeng var rett i saka frå desembermøtet. Berekning av overslagsløyvinga for ISF inntekt er no korrigert i denne saka. Helseføretaka bereknar sine ISF inntekt med basis i budsjetterte DRG poeng.

#### **1.4.2. Overført avtaleheimlar avtalespesialistar**

Det har både i Helse Stavanger og Helse Førde vore problem med å få vidareført eller etablert nye avtaleheimlar med avtalespesialistar innanfor nokre områdar. Det er i den samanheng gitt melding til desse helseføretaka om overføring av avtaleheimlar til dei aktuelle spesialistområda. Det er som følgje av dette overført tilhøyrande budsjettmidlar knytt til desse avtaleheimlane til basisramma frå og med aktuelle tidspunkt i 2022.

#### **1.4.3. Barn og unge med medfødt hjerneskade – opptrapping 2022**

I sak 111/21 Inntektsramme og resultatkrav 2022, blei midlar som tidlegare har vore øymerka til barn og unge med medfødt hjerneskade overført til basisramma. I denne overføringa var det ikkje tatt omsyn til planlagd opptrapping i 2022. Denne opptrappinga er no innarbeidd i midlane som er fordelt i basisramma til helseføretaka.

#### **1.4.4. Manglande prisjustering nasjonale kompetansenester**

I sak 111/21 blei det ved ein feil ikkje justert for prisstigning på budsjettpostane knytt til kompetansenester. Desse postane er no oppdatert med prisjustering. Dette utgjer 2,3 mill. kroner og blir dekt gjennom interne disposisjonar i RHF budsjettet.

#### **1.4.5. Køyreskule i Helse Vest**

I sak 111/21 blei det fordelt midlar i basisramma til Helse Bergen til etablering av regional løysing for køyreopplæring for utrykkingskøyretøy i Helse Vest. Ved berekning av årleg driftskostnad låg det inne eit for lågt anslag og det er behov for å styrke budsjettet med 1,095 mill. kroner. I tillegg er det kostnader relatert til dette i Helse Stavanger og noko i Helse Fonna og Helse Førde. Det er derfor lagt inn ein samla auke i budsjettet til dette føremålet med 1,640 mill. kroner som er fordelt i basisramma til helseføretaka.

#### **1.4.6. Koordineringseining psykisk helsevern**

Det er etablert ei ordning med koordinering av tilvisingar til avtalespesialistar innanfor psykisk helsevern. Helse Bergen har tatt på seg denne oppgåva for å sikre at dette blir ivaretatt på ein forsvarleg måte. Denne ordninga vil og gjelde for 2022. Det blir i den samanheng innarbeidd 0,3 mill. kroner i basisramma for 2022.

I løpet av 2022 reknar Helse Vest med at ordninga «ein veg inn» innan psykisk helsevern blir etablert i helseføretaka, og særfinansiering av koordineringsordninga vil då bli avvikla.

#### **1.4.7. InterRegSim**

I sak 111/21 blei det sett av midlar på til saman 3,5 mill. kroner til InterRegSim \*) for å opprette eit nytt kompetansenettverk mellom regionane. Nettverket er leia av Helse Vest. I tillegg vil regionane dekkje sin del av nye kostnader for nettverket på til saman 1 mill. kroner.

Det er Helse Stavanger som vil ivareta denne oppgåva i Helse Vest, og budsjettmidlane på 3,5 mill. kroner som var halde tilbake i RHF-budsjettet blir no overført til Helse Stavanger si basisramme.

*\*) Oppretting av nasjonalt nettverk for simulering i spesialisthelsetenesta for auka bruk av simulering for kompetanseheving, og samarbeid med andre helseføretak om utvikling og deling av opplegg for simulering.*

#### 1.4.8. Endring bioteknologilova

Helse Vest har fått tildelt øymerka tilskot på 6,093 mill. kroner samt ei auke i basisramma på 13,540 mill. kroner relatert til endringar i bioteknologilova. Midlane var innarbeidd i sak 111/21, og det var ein intensjon om at desse midlane no skulle bli fordelt til helseføretaka. Men det er behov for ytterlegare prosess og avklaring rundt fordeling av midlane, og Helse Vest vil derfor komme attende med ei fordeling av desse midla til helseføretaka i nær framtid.

#### 1.4.9. ISF psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

For 2022 er kostnadsvektene for den polikliniske aktiviteten innan psykisk helsevern (PHV) og tverrfaglig spesialisert behandling rusbehandling (TSB) for første gang basert på HF-a sine KPP-data (kostnad pr pasient-data) for 2020. Desse blir dermed berekna på same måte som for dei somatiske helsetenestene. Endringa i finansieringsopplegget inneber følgjande effektar::

	Helse Vest				
	2020-veker	2022-veker	Endring	%-endring	Kroner
VOP/TSB	49 799	59 296	9 497	19 %	30 010
BUP	56 021	45 513	-10 508	-19 %	-33 204
DRG TD11A	7 992	3 549	-4 443	-56 %	-14 040
DRG TD97	127	652	525	413 %	1 658
<b>Totalt</b>	<b>113 939</b>	<b>109 010</b>	<b>-4 929</b>	<b>-4,3 %</b>	<b>-15 576</b>
<i>kroner i heile tusen</i>					

Samla går inntektene ned med omlag 15,6 mill. kroner i Helse Vest regionen. Hovudårsaka til reduksjonen er knytt til DRG TD11A \*) Opioidavhengighet som har fått sin eigen kostnadsberekna vekt. Ein del av årsaka til den negative effekten kan mellom anna komme av ulik kodepraksis mellom helseføretaka i landet. Det gjenstår å avklare om dette er tilfelle. Inntektsreduksjonen på omlag 14 mill. kroner treff i hovudsak Helse Bergen og Helse Stavanger.

Dei øvrige effektane er utliknar kvarandre i stor grad, men det vaksenpsykiatrien (VOP) får ein positiv effekt på inntektene, medan barne-og ungdomspsykiatrien (BUP) får ein negativ effekt. Dei private ideelle er inkludert i tala ovanfor, og vil isolert sett få ein inntektsauke på om lag 6 mill. kroner som følgje av endringa i finansieringsopplegget, medan HFa som er eigd

av Helse Vest RHF får ein tilsvarende nedgang i inntektene. Det blir derfor gjort eit tilsvarende uttrekk i basisramma til dei private ideelle for å nøytralisere effekten på ISF-inntektene. Desse midla blir fordelt eigne helseføretak gjennom psykiatrinøkkelen i 2022 og gjennom vedtatt inntektsmodell frå 2023.

For 2022 gir dette følgjande fordeling i basisramma til helseføretaka:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
ISF PH og TSB fordelt HF	2005	962	2492	541	6000
Psyk nøkkel (barn og voksne)	33,4 %	16,0 %	41,5 %	9,0 %	100,0 %

\*) Overordna systembeskriving ISF PHV og TSB v0.1 (helsedirektoratet.no)

## 1.5. Samla endringar i inntektsfordelinga

Dei samla endringane som er omtalt ovanfor vil påverke inntektsfordelinga til helseføretaka og RHF-et på følgjande måte:

Endringar i inntektsramma for 2022 vs. styrsak 111/21 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2021 - sak 111/21 B	7 579 154	3 760 714	11 743 929	2 945 293	947 285	3 496 283	30 472 659
<b>Justeringar av inntektsramme frå staten:</b>							
Endring KBF	-2	-1	-3				-6
Forskning og nasjonale kompetansesentre						-25	-25
Vaksinering i sjukehus	1 510	748	2 356	586		0	5 200
Utdanningsstillingar for spesialsjukepleiarar						7 400	7 400
<b>Endring øremerka tilskot</b>							
Tilskot til protonsentor			95 000				95 000
Tannhelseteneste i sjukehus						5 100	5 100
Behandling av seksuelle atferdsproblemar blant barn og unge	570	287	719	172		200	1 948
Behandlingstilbod for personar dømde for seksuallovbrot	3 000		3 093				6 093
Covid 19 kostnader	58 234	31 577	79 849	21 754		79 786	271 200
Covid 19 kostnader - storvolumtesting/analyse	0		0				0
Avansert heimesjukehus - oppdatert fordeling blir gjort seinare		-1 100	-3 200			4 300	0
<b>Endringar i inntektsfordelinga</b>							
Overslagsløyving ISF (reversering av ekstraordinær aktivitetsvekst 0,8% i 2021)	-17 598	-8 208	-28 879	-5 539	-3 170		-63 394
Overført avtalehjemlar frå privatpraktiserande spesialistar	736			1 130		-1 866	0
Barn og unge med medfødt hjemskade - opptrapping 2022	600	340	840	220		-2 000	0
Nasjonale kompetansetenester - manglande prisjust	426	25	2 020			-2 472	0
Kjøreskule i Helse Vest - korrigerd fra sak 111/21	515	15	1 095	15		-1 640	0
Koordineringseining PH			308			-308	0
InterRegSIM	3 500					-3 500	0
ISF psykisk helsevern og TSB	2 005	962	2 492	541		-6 000	0
<b>Sum endringar</b>	<b>53 496</b>	<b>24 646</b>	<b>155 690</b>	<b>18 879</b>	<b>-3 170</b>	<b>78 975</b>	<b>328 516</b>
<b>Oppdatert inntektsfordeling 2022</b>	<b>7 632 650</b>	<b>3 785 360</b>	<b>11 899 619</b>	<b>2 964 172</b>	<b>944 115</b>	<b>3 575 258</b>	<b>30 801 175</b>

I vedlegg 1 til denne saka følgjer oppdatert oversikt over inntektsfordelinga til helseføretaka for 2022 samt vedlegg 2 oppdatert budsjett for "Kjøp av helsetenester". Desse postane er tidlegare omtala under sak 111/21 B Inntektsramme og resultatkrav 2022.

## 1.6. Kjøp av helsetenester – omdisponeringar av budsjettpostar

Ut over dei endringane og fordelingane som er gjort på helseføretaka, er det og gjort nokre interne oppdateringar innanfor totalbudsjettet for kjøp av helsetenester.

Dette gjeld følgjande forhold:

E-helse satsingar og regionale/nasjonale prosjekt og satsingar:

I sak 111/21 vart det budsjettert med 40 mill. kroner til nasjonale E-helse satsingar. I dette beløpet låg det inne 2 prosjekt på til saman 10 mill. kroner. Prosjekta gjelder regional handlingsplan for informasjonssikkerheit og nettverksorganisering av arbeidet med auka bruk og effekt av eksisterande løysingar for digitale tenester. Desse to satsingane er overført til budsjettposten Regionale og nasjonale fellesprosjekt/satsingar.

I sak 111/21 er det budsjettert med 69,550 mill. kroner til regionale og nasjonale fellesprosjekt. Denne er no auka opp gjennom flytting av 10 mill. kroner frå E-helse satsingar. I tillegg er dei to nemnde postane ovanfor auka opp med ytterlegare 12,5 mill. kroner kor 10 mill. kroner er relatert til nødvendig satsing på handlingsplan for informasjonssikkerheit (totalt 15 mill. kroner) og 2,5 mill. kroner er relatert til auka bruk og effekt av etablert løysing for digitale helsetenester (totalt 7,5 mill. kroner). Auken i budsjettposten til handlingsplan for informasjonssikkerheit er dekt inn gjennom ein reduksjon i reserven i RHF-et frå 100 til 90 mill. kroner. Auken i budsjettposten relatert til digitale helsetenester er dekt inn gjennom ein reduksjon på budsjettposten «Førebels haldt av til budsjettoppdateringar». I tillegg til desse to omtalte satsingsområda er det og lagt inn ein auke i prosjektramma på 8,272 mill. kroner som og er dekt inn gjennom ein tilsvarande reduksjon av budsjettposten «Førebels haldt av til budsjettoppdateringar». Den samla ramma for regionale og nasjonale prosjekt og satsingar i 2022 er sett til 100,321 mill. kroner.

Mammografibussar:

Det er meldt behov for å oppgradere mammografibussane. Det er førebels uklart korleis kostnadene knytt til dette vil bli fordelt på dei regionale helseføretaka. Helse Vest har førebels lagt inn eit budsjett på 1,5 mill. kroner.

UngMeistring

Forskingsrådet har tildelt 25 mill. kroner til Helse Bergen i samband med prosjektet UngMeistring for å utvikle og evaluere digitale psykiske helsetenester for ungdom i alderen 13-18 år. Helse Vest ønsker å støtte dette arbeidet for å få ei god innføring og ibruktaking i alle våre helseføretak. For 2022 tilrår administrerande direktør å sette av 1 mill. kroner som blir fordelt på eit seinare tidspunkt.

Administrasjonsbudsjettet:

I sak 111/21 er det budsjettert med 158,290 mill. kroner til administrasjon i Helse Vest RHF. I tillegg var det sett av 5 mill. kroner til styrking av forsyning og beredskap. Denne posten er no innarbeidd i administrasjonsbudsjettet. I tillegg er det gjort mindre tekniske endringar i

talgrunnlaget og netto endring i budsjettramma til administrasjonsbudsjettet er derfor auka opp med 4,158 mill. kroner. Det blir vist til eigen styresak, sak 012/22, for nærare omtale av administrasjonsbudsjett til Helse Vest RHF.

Alle ovannemnde endringar er justert mot ein budsjettpost frå sak 111/21 som er omtalt som «Førebels haldt av til budsjettoppdateringar» samt reserveposten i RHF-et som no er på 90 mill. kroner etter denne endringa.

Den samla interne omdisponeringa av budsjettet på kjøp av helsetenester kan summerast opp i følgjande tabell:

Budsjettposter under "Kjøp av helsetenester"	Endring	Oppdatert budsjett
E-helse (erstatning tidlegare Nasjonal IKT pluss satsingar)	-10 000	30 000
Regionale og nasjonale fellesprosjekt	30 771	100 321
Mammografibussar	1 500	1 500
UngMeistring	1 000	1 000
Administrasjon Helse Vest - kostnadsramme	4 158	162 448
Diverse mindre forhold	-581	
Reduksjon av reserven i RHFet	-10 000	90 000
Førebels haldt av til budsjettoppdateringar	-16 848	173
Sum omdisponeringar	0	

Oppdatert oversikt på kjøp av helsetenester følgjer vedlagt under vedlegg 2.

## 2. Konsernbudsjett 2022

Helseføretaka har med basis i sak 111/21 B Inntektsfordeling og resultatkrav 2022, fatta vedtak om budsjett 2022 i sine respektive styrer. Resultatkravet er føreslått som følgjer:

Endeleg Inntektsramme	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteke vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2022	226 000	-20 000	100 000	30 000	8 000	1 000	150 000	495 000

Med basis i helseføretaka sine budsjett blir konsernbudsjett 2022 som følgjer:

## Budsjett 2022 - Føretaksgruppa

Tal i heile mill.	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	Kjøp av helsetenester	Helse Vest administrasjon	Eliminering	Konsern
<b>Driftsinntekter</b>										
Basisramme	5 177,2	2 353,8	7 962,9	2 201,8	-	-	21 615,3	162,1	-17 695,6	21 777,4
ISF inntekter	2 470,8	1 101,2	3 904,1	760,0	-	-	8 302,9	-	-8 236,1	8 302,9
Polikliniske inntekter	240,2	157,6	508,6	53,4	-	-	700,0	-	-600,0	1 059,8
Andre inntekter og tilskudd	620,4	315,0	1 670,1	224,4	1 399,6	1 486,4	1 583,0	7,5	-2 551,0	4 755,3
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>8 508,6</b>	<b>3 927,6</b>	<b>14 045,7</b>	<b>3 239,5</b>	<b>1 399,6</b>	<b>1 486,4</b>	<b>32 201,2</b>	<b>169,6</b>	<b>-29 082,7</b>	<b>35 895,4</b>
Varekostnader	1 507,6	675,8	2 089,8	492,1	1 110,1	32,0	31 488,7	-	-27 596,3	9 799,8
Personalkostnader	5 554,0	2 562,3	9 722,8	2 157,9	195,4	503,6	-	116,1	-	20 812,1
Andre driftskostnader	979,7	498,3	1 535,9	460,0	79,3	602,6	600,0	53,5	-1 486,4	3 322,8
Avskrivninger	231,0	190,0	576,9	95,0	7,5	328,2	2,5	-	-	1 431,1
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>8 272,3</b>	<b>3 926,4</b>	<b>13 925,4</b>	<b>3 205,0</b>	<b>1 392,3</b>	<b>1 466,4</b>	<b>32 091,2</b>	<b>169,6</b>	<b>-29 082,7</b>	<b>35 365,8</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>236,3</b>	<b>1,2</b>	<b>120,3</b>	<b>34,5</b>	<b>7,3</b>	<b>20,0</b>	<b>110,0</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>529,6</b>
Finansinntekter	-	-	-	-	0,7	-	40,0	-	-	40,7
Finanskostnader	10,3	21,2	20,3	4,5	-	19,0	-	-	-	75,3
<b>Finansresultat</b>	<b>-10,3</b>	<b>-21,2</b>	<b>-20,3</b>	<b>-4,5</b>	<b>0,7</b>	<b>-19,0</b>	<b>40,0</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-34,6</b>
<b>Resultat</b>	<b>226,0</b>	<b>-20,0</b>	<b>100,0</b>	<b>30,0</b>	<b>8,0</b>	<b>1,0</b>	<b>150,0</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>495,0</b>

I konsernsamanstillinga er det gjort ei forenkla eliminering for konserninterne transaksjonar. Dette er i hovudsak knytt til ISF inntekt, polikliniske inntekter og basisramme i føretaka. I tillegg er det eliminert for interne inntekter i Helse Vest IKT og Sjukehusapoteka Vest.

Det vil bli endringar både på inntekts- og kostnadssida når helseføretaka har fått innarbeidd alle tiltak samt eksternfinansierte oppgåver. Dette vil påverke både inntekts- og kostnadslinjer, men ikkje resultatet.

### 3. Investeringsbudsjett 2022

Styret i Helse Vest behandla i møte den 16. juni 2021 sak 051/21 Økonomisk langtidsplan 2022-2026. I denne saka er det mellom anna fastsett nødvendig resultatkrav for å kunne handtere investeringsbehovet i føretaksgruppa dei neste 5 åra. Saka gir ei oversikt over investeringsbehovet og det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar.

Dei årlege investeringsbudsjetta må handterast i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. I samband med behandlinga av konsernbudsjett 2022 blir det i denne saka og fastsett investeringsramme for føretaka i 2022. Endeleg investeringsbudsjett blir behandla i helseføretaka sine styrer med basis i det endelege resultatet for 2021, samt dei føringane som blir lagt i denne saka.

#### 3.1. Samla investeringsbudsjett Helse Vest

Det samla investeringsbudsjettet for 2022 er som følgjer:

### Samandrag investeringar (Budsjett 2022)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	2 722 072	445 491	1 240 000	278 300		30 000		4 715 863
Medisinteknisk utstyr	256 702	30 000	234 000	40 000				560 702
IKT				3 600		568 275		571 875
Anna	99 412	10 000	137 000	10 000	27 500			283 912
<b>Sum investeringar 2022</b>	<b>3 078 186</b>	<b>485 491</b>	<b>1 611 000</b>	<b>331 900</b>	<b>27 500</b>	<b>598 275</b>	<b>0</b>	<b>6 132 352</b>

Alle helseføretaka har store byggeprosjekt som er i gjennomføringsfasen. I 2021 blei nybygget i byggetrinn 1 ved Haugesund sjukehus og Dagabygget (nybygg for psykisk helsevern) ved Førde sjukehus ferdigstilt og tekne i bruk. I løpet av 2023 og 2024 er det planlagt at Glasblokkene trinn 2 og Protonsenteret i Helse Bergen, Livabygget (nybygg somatikk) i Helse Førde og Nye SUS byggetrinn 1 i Helse Stavanger skal ferdigstillast.

I det samla investeringsbudsjettet for 2022 er 4 070 mill. kroner knytt til store byggeprosjekt, jf. tabellen under:

### Store byggeprosjekt i Helse Vest (Budsjett 2022)

Beløp i heile tusen kroner	TOTAL
Helse Stavanger - Nye SUS	2 722 000
Helse Fonna - ByggHaugesund2020	291 200
Helse Bergen - Glasblokkene Trinn 2	500 000
Helse Bergen - Protonsenter	290 000
Helse Førde - Nye Førde sjukehus	267 000
<b>Sum</b>	<b>4 070 200</b>

## 3.2. Samla finansieringsgrunnlag Helse Vest

Det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar i føretaka i 2022 er lagt inn med følgjande føresetnad:

### Kontantstrøm til å dekke investeringar i 2022:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	226 000	-20 000	100 000	30 000	8 000	1 000	150 000	495 000
+ Avskrivning	231 000	170 969	577 000	95 000	7 546	328 203		1 409 718
+ Nedskrivning anleggsmidlar								0
= Kontantstraum frå drifta	457 000	150 969	677 000	125 000	15 546	329 203	150 000	1 904 718
+/- Førebels resultatavvik 2021	-22 000	-118 000	94 000	-14 000	6 000	4 000	384 000	334 000
+ Nedskrivning 2021								0
+ Opptak av nye lån	1 446 000	173 000	626 560	205 000				2 450 560
+ Tilskot til investeringar			95 000					95 000
- Avdrag lån	-47 000	-56 361	-119 000	-17 885				-240 246
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-56 000	-26 434	-90 000	-19 891		192 325		0
+ Sal av anleggsmidlar			5 000					5 000
+/- Likviditet overført frå 2021	800 000	364 268	-239 000	47 392	50 000		539 000	1 561 660
+/- Annet			135 000	6 300				141 300
<b>Finansielt grunnlag</b>	<b>2 578 000</b>	<b>487 442</b>	<b>1 184 560</b>	<b>331 916</b>	<b>71 546</b>	<b>525 528</b>	<b>1 073 000</b>	<b>6 251 992</b>
+ Interne lån overført fra tidlegare år	75 000						-75 000	0
+ Internt lån 2022	455 000		411 440	56 000		75 000	-997 440	0
<b>Finansieringsgrunnlag investeringar inkl interne lån</b>	<b>3 108 000</b>	<b>487 442</b>	<b>1 596 000</b>	<b>387 916</b>	<b>71 546</b>	<b>600 528</b>	<b>560</b>	<b>6 251 992</b>
<b>Investeringsplanar i HF-a</b>	<b>3 078 186</b>	<b>485 491</b>	<b>1 611 000</b>	<b>331 900</b>	<b>27 500</b>	<b>598 275</b>	<b>0</b>	<b>6 132 352</b>



Samla sett har føretaksgruppa i Helse Vest finansieringsgrunnlag til å gjennomføre investeringsplanane for 2022.

Helseføretaka hadde i 2020 ein positiv dekning på Covid-19 midlar som bidrog til positive resultatavvik i føretaka og som isolert sett gav styrka finansieringsevne. Det positive avviket knytt til Covid-19 midlar skal sjåast opp mot utviklinga av pandemien og resultatet i 2021. Det samla finansieringsgrunnlaget for 2022 tar omsyn til dette forholdet. I tabellen ovanfor er førebels resultatavvik i 2021 synleggjort og den positive dekninga frå Covid-19 midlar i 2020 er innarbeidd i likviditet overført frå 2021.

Helse Bergen har eit mindre avvik mellom finansieringsgrunnlaget og investeringsbudsjettet. Føretaket må tilpasse dette gjennom framdrifta på investeringane i 2022.

Helse Vest RHF har i 2022 eit samla finansieringsgrunnlag som er tilstrekkeleg til å dekkje dei interne låna som føretaka har lagt til grunn. I finansieringsgrunnlaget til Helse Vest RHF er det lagt til grunn at resultatet i 2021 blir om lag kr 384 mill. betre enn budsjett. Det er og lagt inn ei overføring av likviditet frå 2021 som er tilstrekkeleg for å dekkje inn dei interne låna som helseføretaka og Helse Vest IKT har føresett i 2022. Resultatet i Helse Vest RHF over dei siste åra er tilstrekkeleg til å kunne gi interne lån i den størrelsen som er skissert i finansieringsgrunnlaget for 2022. Det er i denne vurderinga og tatt omsyn til interne lån som er tildelt dei siste åra.

### **3.2.1. Investeringslån frå staten**

Helse Vest RHF er i statsbudsjettet for 2022 tildelt eit nytt lån til utbygging av Haugesund sjukehus byggetrinn 2 i Helse Fonna på totalt 722 mill. i 2022-kroner, tilsvarande 70 % av kostnadsramma til prosjektet. Lånet blir utbetalt i takt med framdrifta i prosjektet. Dei andre låna frå staten er tidlegare tildelingar som er under utbetaling. I 2022 er Helse Vest RHF tildelt 2 450,56 mill. kroner i investeringslån frå staten.

### **3.2.2. Interne lån**

I budsjettet for 2022 har helseføretaka lagt inn føresetnadar om interne lån frå Helse Vest RHF.

Helse Førde har i budsjettet for 2022 lagt inn ein føresetnad om eit internt lån frå Helse Vest RHF på 56 mill. kroner. Totalt sett i perioden til økonomisk langtidsplan har føretaket økonomisk berevne til å gjennomføre planlagde investeringar, men i enkelte år vil det kunne vere behov for eit mindre internt lån frå Helse Vest RHF.

Helse Vest IKT har gjennom avskrivningar og resultat eit finansieringsgrunnlag til investeringar på om lag 330 mill. kroner. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å dekkje heile investeringsbehovet innanfor IKT. Derfor må helseføretaka stille likviditet til disposisjon for Helse Vest IKT til å gjennomføre den samla investeringsplanen i 2022. Totalt er tilførselen av likviditet frå helseføretaka til Helse Vest IKT på om lag 192 mill. kroner. Helse Vest IKT har i



tillegg lagt til grunn at Helse Vest RHF vil tilføre likviditet ved at det blir gitt eit internt lån på om lag 75 mill. kroner i 2022.

Det er ikkje tatt stilling til desse interne låna, men det er av praktiske grunnar innarbeidd i den samla oppstilling på finansieringsgrunnlaget. Tildeling av eit internt lån vil bli behandla i ein eigen styresak med bakgrunn i ein lånesøknad.

Helse Stavanger er tidlegare tildelt eit internt lån på til saman 75 mill. kroner frå Helse Vest RHF som ikkje er utbetalt per 2021. Føretaket har lagt til grunn at denne lånetildelinga blir overført og utbetalt i 2022.

### **3.2.3. Tildeling av internt lån til Helse Stavanger**

Helse Stavanger har i styresak 95/21 Budsjett 2022 og i lånesøknad til Helse Vest RHF søkt om eit internt lån på totalt 605 mill. i 2022 kroneverdi. Lånet er ein del av finansieringa for Nye SUS byggetrinn 1, og skal gå til å byggje nytt sjukehus på Ullandhaug. Helse Stavanger har i budsjettet for 2022 lagt til grunn at 455 mill. kroner av dette lånet skal bli utbetalt i 2022.

Helse Stavanger har sidan styrebehandlinga av forprosjektrapporten for utbygginga av Stavanger universitetssjukehus på Ullandhaug, byggetrinn 1, jf. styresak 073/17, føresett at deler av eigenfinansieringa på 30 % skal finansierast ved opptak av eit internt lån frå Helse Vest RHF. Denne føresetnaden er og lagt inn og synleggjort i økonomisk langtidsplan 2022-2026.

Administrerande direktør tilrår at det blir gitt eit internt lån på 605 mill. i 2022 kroneverdi til finansiering av Nye SUS byggetrinn 1 i Helse Stavanger.

### **3.2.4. Tildeling av internt lån til Helse Bergen**

Helse Bergen har i lånesøknad til Helse Vest RHF søkt om eit internt lån på totalt 455 mill. i 2022 kroneverdi. Helse Bergen har i budsjettet for 2022 lagt til grunn at 411,5 mill. kroner av dette lånet skal bli utbetalt i 2022. Lånet skal nyttast til å gjennomføre kjøp og rehabilitering av Håkonsgaten 1 og til bygging av Parkhjørnet med ny vaske- og sterilfunksjon. Føresetnaden om eit internt lån er lagt inn og synleggjort i økonomisk langtidsplan 2022-2026.

200 mill. kroner skal nyttast til å gjennomføre kjøp og rehabilitering av Håkonsgaten 1 i Bergen sentrum, for bruk innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Ved kjøp av Håkonsgaten 1 kan Helse Bergen samle rusmedisinsk verksemd som i dag er spreidd i leigde lokalar i og rundt sentrumsområdet i tillegg til at ein kan starte heroinassistert behandling i deler av lokala.

255 mill. kroner skal nyttast til å finansiere deler av investeringskostnaden til Parkhjørnet. For å kunne ta i bruk Glasblokkene trinn 2 som planlagt er Helse Bergen avhengig av at ny vaskehall og sterilsentral er ferdig. I forprosjektrapporten til prosjekt «Parkhjørnet» blei det

føresett frå Helse Bergen at 70 % av investeringskostnaden skal finansierast ved eit internt lån frå Helse Vest RHF, jf. styresak 134/20.

Administrerande direktør tilrår at det blir gitt eit internt lån på 200 mill. i 2022 kroneverdi til finansiering av kjøp og rehabilitering av Håkonsgaten, for bruk innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling i Helse Bergen.

Administrerande direktør tilrår at det blir gitt eit internt lån på 255 mill. i 2022 kroneverdi til finansiering av Parkhjørnet med ny vaske- og sterilfunksjon i Helse Bergen.

#### 4. Investeringar og gevinst

Helseføretaka har som del av sak 051/21 Økonomisk langtidsplan 2022 – 2026 og som ein del av investeringsbudsjettet for 2022 gitt ei tilbakemelding på korleis ein forventar å ta ut gevinstar knytt til byggeprosjekt, større MTU prosjekt, regionale IKT prosjekt og andre forbetningsprosjekt og tiltak i føretaka. Føretaka har gitt ei tilbakemelding på kva som er gevinstmålet innanfor dei ulike gevinstområda og når ein forventar å kunne hente ut dette gevinstpotensialet. Når ein skal synleggjere gevinstpotensialet i ein periode på 5-10 år fram i tid vil talgrunnlaget vere usikkert. Dette vil vere eit kontinuerleg utviklingsarbeid og potensialet som er synleggjort frå føretaka må følgjast opp og oppdaterast årleg.

Økonomisk langtidsplan er lagt til grunn når føretaka har identifisert gevinstar som er innarbeidd i budsjett for 2022. I tillegg til økonomiske gevinstar forventar også føretaka å hente ut kvalitative gevinstar innanfor fleire områder. Under følgjer ei oppdatert oversikt over gevinstmålet for 2022.

*Gevinstar innarbeidd i budsjett 2022*

Prosjekt/Føretak	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehusapoteka
Byggeprosjekt	-	11 000	-	5 000	-
MTU prosjekt	-	-	23 000	-	-
Regional prosjektportefølje (IKT)	-	2 500	8 000	2 897	-
Andre forbetningsprosjekt/tiltak	27 300	9 000	12 000	5 000	490
<b>Sum</b>	<b>27 300</b>	<b>22 500</b>	<b>43 000</b>	<b>12 897</b>	<b>490</b>

*Tal i heile tusen kroner*

##### 4.1. Byggeprosjekt

Alle helseføretaka i Helse Vest har store byggeprosjekt som er i gjennomføringsfasen. Føretaka ventar å hente ut gevinstar i perioden for økonomisk langtidsplan 2022 – 2026. I 2021 blei nybygget i byggetrinn 1 ved Haugesund sjukehus og Dagabygget (nybygg for psykisk helsevern) ved Førde sjukehus ferdigstilt og tekne i bruk. Helse Førde og Helse Fonna ventar at ein del av det årlege gevinstpotensialet knytt til nybygga kan hentast ut frå 2022.

##### 4.2. MTU-prosjekt

Ein stor del av investeringane i 2022 innanfor medisinsk teknisk utstyr (MTU) er knytt til vedlikehald. Føretaka har dermed ikkje lagt til grunn større gevinstmål knytt til MTU for

2022. Helse Bergen har prioritert investeringsmidlar knytt til utstyr på lab og ventar at dette vil gje gevinstar ved at ein kan handtere ei auka mengde analyser utan ei auke i bemanninga.

#### **4.3. Regional prosjektportefølje (IKT)**

Det er satt i verk fleire regionale IKT-prosjekt i Helse Vest (t.d. HELIKS, LIBRA og Alle møter). Nye IKT-løysingar kan heve kvaliteten i pasientbehandlinga, leggje til rette for meir effektiv drift og frigjere tid for personell som kan nyttast til direkte pasientbehandling. Føretaka forventar å hente ut gevinstar knytt til desse prosjekta i varierende grad, basert på fasen dei ulike prosjekta er i og kor langt ein har kome i gevinstarbeidet. Det må arbeidast løypande med å identifisere og realisere gevinstar knytt til regionale IKT-prosjekt.


#### **4.4. Andre forbetningsprosjekt/tiltak**

Gevinstar som er venta knytt til andre forbetningsprosjekt/tiltak er hovudsakleg knytt til legemiddelområdet. Tiltak sett i verk inkluderer optimal utnytting av LIS-anbefalingar (legemiddelinnkjøpsamarbeid), raskare overgang til nye avtalar på medikament og nye avtalar for legemidlar på H-resept. Helse Stavanger har fleire forbetringstiltak i 2022 som er venta å gi gevinstar, blant anna knytt til betre pasientflyt og optimaliserte bemanningsplanar.

### **5. Førebels likviditetsbudsjett 2022**

Den samla driftskredittramma til Helse Vest RHF ved inngangen til 2022 er på 2 164 mill. kroner. Denne vil bli auka med 541 mill. kroner i 2022 og vil ved utgangen av året vere på 2710 mill. kroner. Fordeling av driftskredittramma til helseføretaka vil bli gjort i styringsdokumentet for 2022.

Helseføretaka har utarbeidd førebels likviditetsbudsjett som er vist i grafen under:



Endringar i pensjonskostnaden for 2022 vil kunne påverke likviditeten i føretaksgruppa. Helse Vest legg til grunn at dette, på same måte som tidlegare år, blir handtert av Helse- og omsorgsdepartementet. Dette er eit forhold som administrerande direktør vil komme tilbake til på eit seinare tidspunkt.

Det er og usikkerheit knytt til framdrift på investeringar samt andre transaksjonar som kan gi store periodesvingingar på likviditeten. Dette inneber at likviditeten periodevis kan avvike i forhold til det som er budsjettert. Likviditetsbudsjettet er førebels og vil bli følgt opp nærare i samband med den ordinære rapporteringa. Under føresetnad av at helseføretaka klarer å levere eit resultat i tråd med resultatkravet, vil likviditeten i 2022 vere tilfredsstillande. Dersom det blir avvik i resultatet vil dette bli følgt opp, og om nødvendig må ein gjennomføre tiltak for å sikre tilfredsstillande likviditet i føretaksgruppa.

## Vedlegg 1

*) Spesifikasjon av postar utanfor modell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme Helse Vest RHF					539 817	3 575 259	4 115 077
Intern lab-/røntgenoppgjør	-8 291	-12 866	30 485	-9 328			0
Regional eining for rehabilitering ved alvorleg hovudskade			15 951				15 951
Strukturtilskot		35 911		10 537			46 448
Tilskudd til landsfunksjoner (flyttet fra linje fordelt i modell)			50 022				50 022
Regionalt senter for spiseforstyrrelser			31 611				31 611
Tilskudd til interne gjestepasienter (10 % påslag)			31 611				31 611
LAR Helse Bergen			6 641				6 641
Utskrivingsklare pasientar, uttrekk frå Haraldsplass			13 282				13 282
Neurokirurgisk verksemd			9 141				9 141
PET-senter	15 313						15 313
PET-skanner - endring refusjonssystem 1/7-14 (heilårseffekt)			7 912				7 912
Pensjon - konsernbudsjett 2021	469 905	228 025	874 156	166 332			1 738 418
Økning i pensjon 2022 vs St.prp.1 2021	74 046	30 509	87 004	30 794			222 353
Tilskot til utdanning	17 638	8 827	151 564	6 682			184 712
Kompetansetenester:							
Regionale kompetansetenester (NY FORDELING)	16 209		47 112				63 321
Nasjonale kompetansetenester finansiert av rammen			11 598				11 598
Tidlegare kompetansetenester overført til drift			7 015				7 015
Tidlegare øyremerkte midlar frå HOD overført til ramma		968	3 881				4 849
Radio Medico - medisinsk rådgivingsteneste for skip			7 267				7 267
Regionalt tverrfagleg kompetansemiljø for astma og allergi			997				997
Tilstadevakt - beredskap, Solabasen og Florø	9 320		0	9 320			18 639
Kompetanse og nettverksbygging "Kropp og sjølvkjensle" - spiseforstyrning			2 978				2 978
Pasienttransport	10 779	10 728	13 746	14 605			49 858
Regional vurderingseinig for rehabilitering			5 475				5 475
Utanlandsbehandlinger - overf. frå RHF			34 623				34 623
Nye nasjonale behandlingstenester			6 973				6 973
Utdanningsstillingar geriatri	2 656						2 656
Legeambulanse		5 144					5 144
Veiledningsordning for barn og unge med spiseforstyrrelse			578				578
Etablering av songseinig for dei under 18 år			1 320				1 320
Narkotikaprogram med domstolskontroll			2 516				2 516
Rusmeistringseinig ved fengsla i Stavanger og Bergen	926		926				1 852
System for innføring av nye metoder			1 767				1 767
Helse-Atlas				3 629			3 629
Ny nasjonal teneste			1 952				1 952
Pasient og pårørendeopplæring		1 413	0				1 413
Barn som pårørende	498	3 866	3 991	498			8 853
Bibliotektenester Helse Stavanger	-5 774						-5 774
Pasientrapporterte data			589				589
Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom	1 415		1 286				2 701
Drop outs	2 504		0				2 504
Overføring pasienter frå Gulen og Eidfjord		-8 166	31 927	-23 761			0
Uttrekk MVA (basert på mva-kartlegging)	-329 491	-152 691	-523 513	-120 546			-1 126 241
Arbeidsmedisinsk avdeling ("raskere tilbake")			8 245				8 245
Revmatologi	13 062	-5 432					7 631
Stifinnar-prosjektet			2 236				2 236
Virksomhetsovertakelse TSB - sammendrag flere poster			1 384				1 384
Virksomhetsovertakelse TSB - Intern bruk			10 667	-10 667			0
Regionalt utdanningssenter	559	559	5 665	559			7 342
RegSim	3 259	326	326	326			4 237
<b>InterRegSim</b>	<b>3 500</b>						<b>3 500</b>
Sekretariat samarbeidsorgan			978				978
Regionalt biobankarbeid m.m			1 065				1 065
Prostatacentre	1 935		1 935				3 870
Intensiv språktrening	3 150		4 454				7 605
Regional monitoreringsteneste			2 173				2 173
Intensivambulanse Stavanger	284						284
Nasjonale behandlingstenester			3 911				3 911
Arbeidsgiveravgift (tidlegare øremerka midlar)		8 212	613	22 120			30 944
Proton - oppstart			15 270				15 270
Felles Vurderingseinig i TSB	4 000	2 000					6 000
<b>Kjøreskule for ambulanse</b>	<b>515</b>	<b>15</b>	<b>5 695</b>	<b>15</b>			<b>6 240</b>
Regionalt kompetansesenter for smittevern			2 054				2 054
Smittevernarbeid	1 027	514		514			2 054
Lipødem					4 108		4 108
Samhandlingsbarometer				2 173			2 173
<b>Overført avtalehjemler</b>	<b>736</b>			<b>1 130</b>			<b>1 866</b>
<b>Koordineringseinig PH</b>			<b>308</b>				<b>308</b>
<b>Vaksinering i helseføretaka</b>	<b>1 510</b>	<b>748</b>	<b>2 356</b>	<b>586</b>			<b>5 200</b>
<b>Kompensasjon om endring ISF psykisk helsevern og TSB</b>	<b>2 005</b>	<b>962</b>	<b>2 492</b>	<b>541</b>			<b>6 000</b>
Dagkirurgi Norfjordeid sjukehus				4 839			4 839
<b>Tidligere øremerkede midlar - fordeles nå i rammen:</b>							
Barn og unge med erverva hjerneskada (R-10043)	1 541		4 108				5 649
Barn og unge med medfødt hjerneskada (R-10781)	2 449	1 388	3 428	898			8 162
Fagnettverk for avansert hjemmesykehus (R-10744)			300				300
E-mestring (R-10763)	2 054	924	2 362	924			6 265
Barn og unge med livstruende og/eller livsbegrensande tilstander (R-10880)	411	411	822	411			2 054
<b>SUM, basisramme fordelt utanfor modell</b>	<b>319 649</b>	<b>162 295</b>	<b>1 057 231</b>	<b>113 131</b>	<b>543 925</b>	<b>3 575 259</b>	<b>5 771 490</b>

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
<b>Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):</b>							
Nasjonale kompetansenester	Kap. 732.78	3 852	33 337				37 189
Heroinassistert rehabilitering	Kap. 732.70		18 300				18 300
Björgvin fengsel	Kap. 732.70		5 200				5 200
Vidareutvikle avansert heimesjukehus for barn	Kap. 732.70	6 600					6 600
Medisinske undersøkelser på barnehuset	Kap. 732.70	3 245	2 135	1 320			6 700
Protonsenter - Investeringsstilskot	Kap.732.81		95 000				95 000
Beredskap Covid -19	Kap. 732.70	58 234	31 577	79 849	21 754		191 414
Behandlingstilbud personer dømde for seksuallovbrot	kap. 734. 21	3 000	3 093				6 093
Behandling av seksuell atferdsproblem blant barn og unge	Kap. 765. 21	570	287	719	172		1 748
Landsdekkende modell for rettspsykiatri	Kap. 732.70		1 100				1 100
<b>Sum øyremerkte midlar frå HOD</b>	<b>75 501</b>	<b>31 864</b>	<b>238 733</b>	<b>23 246</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>369 344</b>
<b>SUM, tildelt inntekt 2022 frå RHF</b>	<b>7 632 650</b>	<b>3 785 360</b>	<b>11 899 619</b>	<b>2 964 172</b>	<b>944 115</b>	<b>3 575 259</b>	<b>30 801 176</b>
<b>Endring av inntektsramma til HF-a som følgje av gjestepasientoppgjjer:</b>							
Kostnad, eksternt gj.pas.oppgjjer	-208 499	-71 346	-136 122	-70 276			-486 243
Fakturering av gjestepasientar andre regionar	55 610	7 715	154 608	21 847			239 779
Kostnad, rus gjestepasientar (estimat)	-14 916	-11 573	-34 719	-4 758			-65 965
Kostnad, kjøp av kurdøgnplassar (estimat)	-17 102	-13 501	-38 576	-8 744			-77 923
Kostnad, kjøp frå Feiring (estimat)	-8 094	-8 993	-8 993	-5 139			-31 218
<b>SUM, inntektsramme i HF-a</b>	<b>7 439 650</b>	<b>3 687 663</b>	<b>11 835 817</b>	<b>2 897 103</b>	<b>944 115</b>	<b>3 575 259</b>	<b>30 379 607</b>

## Vedlegg 2

	Inntekts- fordeling
<b>Kjøp av helsetenester innanfor "sørge for ansvaret"</b>	2022
Tilskot til pandemiseret i Bergen	3 752
Driftsavtaler - somatikk og psykisk helse	1 841 418
Driftstilskot private legespesialistar og kliniske psykologar	<b>246 626</b>
Driftsavtaler - rusområdet	330 386
Pensjon apoteka, IKT og RHF	37 164
Andre avtaler	2 896
Lab/røntgen, privat	111 692
Luftambulansenesta HF	218 300
Kjøp, private	88 142
<b>SUM</b>	<b>2 880 377</b>
<b>Tilskotsordningar</b>	
Tilskot, brukarorganisasjonar	11 069
Studenthelseteneste	5 009
Regionalt brukarutval	1 331
<b>SUM</b>	<b>17 409</b>
<b>Tilbakeholdte midlar/blir fordelt direkte frå RHF</b>	
Tilskot til forskning	220 829
Tilskot til Pasientreiser HF	31 222
Norsk Pasientskadeerstatning	180 000
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar	7 400
Helseforetakenes driftsorganisasjon HF - Nødnett	10 784
E-helse (erstatning tidlegare Nasjonal IKT pluss satsingar)	<b>30 000</b>
Kvalitetsregistre	68 435
Habilitering/rehabilitering	214 383
Avskriving bygg Jæren DPS	2 488
Regionale og nasjonale fellesprosjekt/satsingar	<b>100 321</b>
Tillitsvalde	4 762
Regionale fellesløyser	6 631
Kvalitet og pasienttryggleik	16 567
Helse og arbeid	49 884
Satsingar som blir fordelt seinare	10 000
Legemiddelberedskap	1 178
Kompetansenester - frikjøp	2 356
Felles regionale kompetanseplaner	2 356
Videreutvikling avansert hjemmesykehus	<b>4 300</b>
Sjukehusinnkjøp HF	18 943
Sjukehusbygg HF	9 500
Samhandlingsmidlar psykisk helsevern	5 269
ParkinsonNet	4 004
Tilskudd etter- og vidareutdanning psykisk helse (fra kap. 765, post 73)	1 054
Ekspertpanel	1 264
Behandling av seksuelle atferdsproblemar blant barn og unge	<b>200</b>
Mammografibuser	<b>1 500</b>
Endringer i biotekloven	19 840
Flere utdanningsstillinge for spesialsykepleiere	<b>12 175</b>
<b>UngMeistring</b>	<b>1 000</b>
<b>Tannhelseteneste i sjukehus</b>	<b>5 100</b>
Kompensasjon beredskap Covid 19	79 786
Regionale satsingar som blir fordelt/disponert seinare	18 700
IKT porteføljekostnad for å fange opp usikkerheit - engangsbetaling for 2020	11 000
Betaling for nasjonale e-helse løysningar	50 338
Sikkerhetspsykiatri	40 000
Fagnettverk for legemiddelområde	400
Norsk proton og stråleterapiregister	3 000
Norsk sener for blodberedskap	2 000
Foreløpig holdt av til budsjettoppdateringar som evt. mangler	<b>173</b>
Overskot i RHF-et	150 000
Reserve	90 000
<b>SUM</b>	<b>1 489 141</b>
Renteinntekt i RHF-et	-30 000
<b>Helse Vest morselskap</b>	
Administrasjon Helse Vest - kostnadsramme	162 448
<b>SUM</b>	<b>4 519 374</b>